



Innkalling  
av  
Plan- og miljøutvalet - styringsgrupper

**Møtedato:** 20.03.2019

**Møtestad:** Alver hotell

**Møtetid:** 09.00

Eventuelle forfall må meldast til epost: Folkevalde@lindas.kommune.no

Varamedlemmer møter berre etter nærmere avtale.

**Sakliste**

Agenda for politisk styringsgruppemøte 20. mars:

1. Planforslag KPA og KDP KAA – presentasjon og drøfting av overordna politikk.
  - a. Bustad; bustadreserve, befolkningsprognosene, utvikling og behov for ulike typer bustader, samt samla oversikt over omfang innspel til KU. Legg opp til drøfting av samla behov for bustad og ulike alternativer for utvikling av bustadstrukturen i kommunen
  - b. Strandsonepolitikken i KPA og KDP KAA
  - c. Næring i KPA og KDP KAA; status i dag (ledig kapasitet), forventa behov og omfang innspel i KU. Legg opp til drøfting av samla behov for næring og særskilt drøfting av Knarvik – sjå vedlagt notat.
2. Innspel til KPA - tillegg til grovsiling av innspel, datert 14. mars 2019 - sjå vedlagt notat.  
Notatet inneholder eit innspel som var ført på feil mappe i websak, og som må sikrast rett sakshandsaming på lik linje med dei øvrige innspela si sakshandsaming hausten 2018.
3. Barnetråkk; kort orientering

Underlag til møte:

1. Notat om næring i KPA og KDP KAA; status i dag og samla oversikt over næringsinnspel til KU, datert 15. mars 2019
2. KPA; Innspel til KPA – tillegg til grovsiling av innspel, datert 14. mars 2019.

# Innspel til kommuneplanen sin areal – tillegg til grovsiling av innspel

## 1. Innleiing

Arealinnspel til kommuneplanen sin arealdel er samla i dokumentet «Innspel til kommuneplanen sin arealdel – grovsiling av innspel», datert 10. oktober 2018 (9. oktober i toppteksten til dokumentet) og revidert notat etter handsaming i politisk styringsgruppe 16. okt, «Innspel til kommuneplanen sin arealdel – grovsiling av innspel», datert 2. november 2018. Samt «Tillegg til grovsiling av innspel – res av kvalitetssikring», datert 8. november 2018.

Dette notatet er eit tillegg til grovsilinga, med følgjande tre tema;

1. Grovsiling av eitt innspel på bustad, som ikkje er handsama tidlegare
2. Info om feil i omtalen av to innspel i grovsilinga
3. Innspel som er komen inn etter fristen, med omtale av om innspelet er med til konsekvensutgreiing eller ikkje.

### Grovsiling av innspel – bustad


I etterkant av gjennomført grovsiling hausten 2018 er det dukka opp eit innspel til KPA som var ført i feil saksmappe i websak. Innspelet vert difor løfte opp til politisk styringsgruppe for handsaming, på lik linje med dei andre arealinnspeleta.

Nr.	Gbnr./område	Storleik	Namn på inn-sender	Om innspelet	Tilråding frå adm.
1.	199/2	70 daa	Haukås, Jan Otto	LNF til bustad.  4 delområder på ca. 20-25 daa kvar. Samla sett for dei 4 delområda, ønskjer om 10 bustader.	HAUKÅS Samanhengande LNF; skog. Ledig bustadareal i nærleiken. Ikkje i samsvar med arealstrategiane til kommunen; ikkje behov for store nye bustadområder. Eventuell utbygging vil gje behov for utbetring av kommunal veg. Administrasjonen vil ikkje tilrå omdisponering til bustad.

## Innspel med feil info i grovsilinga

Det er avdekket nokre mindre feil i omtalen av to innspel som var del av grovsilinga.

Føremålet er infomasjon til politisk styringsgruppe. Desse innspela er ein del av konsekvensutgreiinga.

Nr.	Gbnr./område	Namn på inn-sender	Om innspellet
1.	168/	Nesfossen Smolt AS	<p>Næringsområde/akvakulturområde.</p> <p>I grovsilinga, som underlag for møte 16. okt, var innspelet frå Nesfossen Smolt omtalt som innspel på areal for godkjent reguleringsplan.</p> <p>I sitt innspel spelte Nesfossen Smolt og inn eit nytt areal til akvakulturareal på land (forlenging av areal nordvest for vedtatt reg. plan).</p> <p>Både areal med vedtatt reg. plan, og areal for utviding (akvakulturanlegg på land), er del av konsekvensutgreiinga.</p> 
2.	202/85 og 141	Gunn Husa	<p>Fritidsbustad til bustad.</p> <p>I grovsilinga, som underlag til møte 16. okt. 2018, sto det at omdisponering frå fritidsbustad til bustad, var i tråd med reg. plan for Helleåsen. Desse to tomtane ligg derimot på utsida av reg. planen.</p> <p>Innspelet er del av konsekvensutgreiinga.</p>

## Innspel etter fristen

Fristen for å gje innspel til planarbeidet var 14. september. Innspel som kom inn fram til midten av okt., er inkludert i grovsilinga. Tabellen under viser innspel som kom inn etter at grovsilinga var gjennomført. Administrasjonen har inkludert eit utval av desse i konsekvensutgreiinga, basert på ei heilsakeleg vurdering. Administrasjonen sin konklusjon er omtalt i tabellen under.

Nr.	Gbnr./område	Storleik	Namn på inn-sender	Om innspelet	Tilråding frå adm.
1.	196/82, 86 og 101	1,8 daa	Eknes Karosseri ved Eirik Eknes	Innsendt dato 2. nov. 2018.  Innspel på etablering av parkering på bustadareal som grenser til Eknes karosseri AS.  LNF og bustad til næring.	Utfordringar med parkeringssituasjon i dag. Deler av arealet til Eknes karosseri AS ligg i dag i LNF.  Administrasjonen inkluderar begge areala, eksisterande bebygd areal som ligg som LNF, samt innspel på etablering av parkering, i konsekvensutgreiinga.
2.	203/64 og 14		Seim, Andreas	Innsendt. 18. des. 2018  LNF til naust.  Innspel på naust som grensar til øvrig innspel på naustområde (innspel frå Kålås Bygg AS).	Naboarealet til innspel på naustområde som er del av konsekvensutgreiing.  Administrasjonen utvider naustområdet som ligger til KU til å inkludere omsøkt areal på gbnr. 203/64 og 14. Området må inngå i felles regulering.
3.	236/20		Askvik, Sigmund og Elin	Innsendt 5. des. 2018  LNF til bustad eller LNF-spreidd bustad.  1 bustadtomt.	LNF og innanfor funksjonell strandsone. Aktuell dispensasjonssak.  Adm. tar ikkje innspelet med inn i konsekvensutgreiinga.
4.	214/3	7,2 daa	Valle, Ragnvald	Telefon jan 2019 (eksakt tidspunkt uvisst)  Parkering til næring ved Vikane næringsområde.	Vurderes som ei føremålsteneleg endring pga endring frå parkering til næring. Arealet vil inngå i plankrav for det samle næringsarealet.  Adm. tar innspelet med inn i konsekvensutgreiinga.
5.	234/43		Lehmann, Vidar	Innsendt 21. feb. 2019.  LNF til naust.	Innspelet er ikkje i tråd med føringar for innspel på naust og småbåtham tema.  Adm. tar ikkje innspelet med inn i konsekvensutgreiinga.
6.	176/1		Kjenes, Ole Kristian	Innsendt 25. feb. 2019.  LNF til LNF spreidd-	Er etablert aktivitet i dag. Innspelet legg opp til ei vidareutvikling av eksisterande

Lindås kommune – Tillegg til grovsiling av innspel – 14. mars 2019

				næring. Utviding av Spurkeland vikinggard.	aktivitet. Administrasjonen tar innspelet med i konsekvensutgreiinga.

15. mars 2019

Ståle Juvik Hauge  
møteleiar

møtesekretær

# Næring i KPA og KDP KAA

Notat til politisk styringsgruppe 20. mars 2019


Følgjande notat presenterer ein oversikt over næringsareal i gjeldande planar, ubebyd næringsareal, og omfang av innspel på næring som er del av konsekvensutgreiinga.

Føremålet med notatet er eit bakteppe for ein presentasjon og drøfting i møte i politisk styringsgruppe 20. mars 2019.

## Næringsareal i gjeldande planar

Ei kartlegging av eksisterande næringsareal i Lindås kommune syner at det er sett av om lag 8000 dekar til dette formålet i gjeldande planar. Størsteparten av arealet ligg innanfor planområdet til kommunedelplanen for Lindåsneset med Mongstad. I kommunen under eitt er 64 prosent av næringsarealet regulert. Innanfor dei regulerte områda er 66 prosent (3 458 dekar) teigar som er tekne i bruk og bebygd med næringsbygg. 1 782 dekar av det regulerte næringarealet i kommunen står ubebygd. Mykje av dette arealet er i dag til sals, og ope for nye næringsetableringer.

Vidare syner kartlegginga at grunnflatearealet til næringsbygga i kommunen utgjer berre 4 prosent av arealet til dei bebygde teigane. I kartlegginga av kvart einskild næringsområde, som følgjer under, går det fram at det er arealet på Mongstad som trekker ned denne prosentdelen. I dei andre planområda utgjer arealet av næringsbygg om lag 18 prosent av teigarealet. Uansett må vi tolke det som at verksemndene i Lindås jamt over har rom for å utvide bygningsmassen innanfor teigane dei er lokalisert på i dag.



I **kommuneplanens arealdel (KPA)** er det i gjeldande plan sett av 1 586 dekar næringsareal. Av dette er 45 prosent (711 837 kvadratmeter) regulert. Men teigane som er bebygd med næringsbygg utgjer berre 17 prosent av dei regulerte områda. Mykje av dei ubrukta regulerte områda ligg i Eikanger næringsområde, og er til sals.

Grunnflatearealet til bygningsmassen utgjer 18 prosent av arealet til dei bebygde teigane. Det tyder på at verksemndene jamt over har rom for å utvide innanfor teigane dei er plassert på i dag.



**Figur 1 Næringsareal i gjeldande KPA**

I **Kommunedelplanen for Knarvik-Alversund med Alverstraumen** er det sett av 142 dekar næringsareal. Av dette er nesten 90 prosent (126 312 kvadratmeter) regulert. Dei utbygde teigane utgjer 36 prosent av dei regulerte arealet. Det er med andre ord store område som er regulert, men endå ikkje utbygd også i dette planområdet. Det størstenæringsområdet innanfor dette planområdet er Galteråsen der mykje av det regulerte arealet er til sals.

Dette planområdet er det mest aktuelle for plassering av dei arealkrevjande verksemndene som i dag ligg i Knarvik.



**Figur 2 Næringsareal i KDP Knarvik-Alversund med Alverstraumen**

I **Kommunedelplanen for Lindåsneset med Mongstad** er det 6 404 dekar næringsareal. Av dette er nesten 70 prosent (4 402 dekar) regulert. Dei bebygde teigane utgjer 74 prosent av dei regulerte arealet.



**Figur 3 Næringsareal i KDP Lindåsneset med Mongstad**

## Næringsinnspeil til konsekvensutgreiing

Tabellen under gjev ein oversikt over storleiken på alle innspeil på næring og sentrumsføremål som er del av konsekvensutgreiinga for KPA og KDP KAA.

Innspeil som er markert med lys grønn farge er innspeil på areal som allereie har etablert næringsverksemd. Desse areaala er difor trekt ut av total summen for næringsareal.

KOMMUNEPLANEN SIN AREALDEL		
Forslagsstillar	Innspeil	Areal i daa
<b>NÆRING KPA</b>		
Ottar Lauvås	Næring (etablert næringsverksemd)  Lauvås/Grønnvika – lang fv. 57 nord for Lindås	6,7
Halvard Rydland	Næring  Nord for Seim, ved kommunal veg i nærleiken av fv. 57	48
Eknes Karosseri	Næring (etablert næringsverksemd)  Leiknes, ved E 39.	3,7
Eknes Karosseri	Næring – nytt innspeil (parkering)  Leiknes, ved E 39.	1,8
Tippetue Arkitekter	Næring  Utviding av Nordhordland næringspark.	357
Cato Pisani Danielsen og Gro Fyllingsnes	Kunstgalleri/kurslokale  Eikanger.	0,5
Nordhordland skogeigarlag og Tippetue Arkitekter	Næring  Utviding av næringsareal ved tømmerkaien på Eidsnes	212
Ragnvald Valle	Næring  Vikane næringsområde	7,2
Nesfossen Smolt AS	Akvakulturanlegg på land - reguleringsplan	124
Nesfossen Smolt AS	Akvakulturanlegg – nytt areal	63
SUM areal		824
<b>SUM INNSPEL UBEBYGD AREAL NÆRING KPA</b>		<b>690</b>
KOMMUNEDELPLAN KNARVIK-ALVERSUND MED ALVERSTRAUMEN		
<b>NÆRING KDP KAA</b>		
Lindås tomteskap	Galteråsen	106
Lindås tomteskap	Hagalia	8
	Gjervik	35
<b>SUM INNSPEL UBEBYGD AREAL NÆRING KDP KAA</b>		<b>149</b>
<b>SUM INNSPEL UBEBYGD AREAL NÆRING KPA OG KDP KAA</b>		<b>839</b>
<b>SENTRUMSFØREMÅL KPA</b>		

Lindås tomteselskap	Utviding av framtidig sentrumsføremål, ved Lindås senter	17
<b>SUM INNSPEL UBEBYGD AREAL SENTRUMSFØREMÅL KPA OG KDP KAA</b>		<b>17</b>